

Ny teknologi gir bedre overvaking og vedlikehald av straumnettet

Bedrifta Sensnet Analytics AS har i eit forprosjekt utvikla kunnskap om korleis kunstig intelligens (KI) kombinert med fiberoptisk teknologi kan revolusjonere overvakinga av kritisk infrastruktur som straumnett og røyrleidningar.

PUBLISERT 8. DES. 2025




Foto: Sensnet Analytics AS

Teknologien kan oppdage hendingar langs høgsentlinjer ved å analysere vibrasjonar. Løysinga gjer det mogleg med tidleg varsling av sabotasje og prediktivt

vedlikehald.

Bedrifta har samarbeidd med NTNU i forprosjektet, som er støtta av Møre og Romsdal fylkeskommune si MobPro-ordning. Større testar i operativ drift vil bli sett i gang no. Målet er å kunne sørge for sanntidsvarsling og effektivt vedlikehald av kritisk infrastruktur. Med aukande krav til tryggleik og berekraft gir denne teknologien ei ny verktøykasse for energiselskap og eigarar av infrastruktur.

MobPro skal mobilisere til forskingsbasert innovasjon. Forprosjekta er mindre FoU-prosjekt i bedrifter med liten FoU-erfaring og som samarbeider med eit forskningsmiljø i prosjektet.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 9. juli 2026, kl. 00.24 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.